



Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Svar på førespurnad om journalføring og utlevering av journalar

Fylkesmannen viser til brev datert den 25.10.2013 frå barne- og familierettleiartenesta i ..... kommune, og har i det følgjande gjort greie for dei problemstillingane som blir reist i dette brevet.

### 1. Kan opplysningar om foreldra stå i barnet sin journal?

Det følgjer av helsepersonellova § 39 at det skal førast journal for «den enkelte pasient». Føresegna krev at skal førast ein eigen journal på alle som mottar helsehjelp. Det følgjer av forarbeida til lov ompasient- og brukarrettar at «opplysningar som utelukkende gjelder en annen persons forhold skal i utgangspunktet ikke føres inn i pasientens journal», jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 7.6.1. Opplysningar om foreldra sine vanskar bør derfor som hovudregel ikkje bli ført i barnet sin journal.

I forarbeida påpeikar departementet likevel at

«[d]et vil [...] i mange situasjoner være naturlig å føre opplysninger fra pasientens pårørende inn i journalen. Dette kan være opplysninger som i utgangspunktet gjelder den pårørende, men som vil ha betydning for pasientens helsetilstand og innholdet i helsehjelpen. Som eksempel på dette kan nevnes pårørendes vurdering av familiesituasjonen rundt en psykiatrisk pasient, hvor den pårørendes egen opplevelse vil kunne ha betydning for behandlingsopplegget», jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 7.6.1.

Det er altså ein snever åtgang til å føre opplysningar om pårørande i pasienten sin journal. Dette spørsmålet må avgjerast konkret, og det sentrale vurderingstemaet vil vere om opplysningane som gjeld den pårørande betyr noko for pasienten sin helsetilstand og innhaldet i helsehjelpa.

Det er likevel viktig å merke seg at pasientar som hovudregel har rett til innsyn i eigen journal, og at denne innsynsretten også gjeld for opplysningar om andre personar som er nedteikna i journalen. Pasienten kan berre bli nekta innsyn i opplysningar om pårørande som står i journalen etter dei strenge reglane i prl.§ 5-1 (2). (Sjå nærmare om denne føresegna nedanfor). På denne bakgrunn blir det presisert i forarbeida at den som gir opplysningane bør gjerast merksam på innsynsretten til pasienten før opplysningane blir nedteikna i journalen, jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 7.6.1.

Fylkesmannen meiner etter dette at ein så langt som mogleg skal unngå å skrive opplysningar om foreldra i barnet sin journal. Dette bør berre skje unntaksvis.

### 2. Kan barnet krevje å få utlevert alle journalnotata?

Det følgjer av lov om pasient- og brukarrettar § 5-1 (1) at «[p]asienten og brukeren har rett til innsyn i journalen sin med bilag».

Hovudregelen er altså at alle pasientar kan krevje å få utlevert sin eigen journal.

I lov om pasient og brukarrettar § 5-1 (2) blir det likevel oppstilt to snevre unntak frå hovudregelen om journalinnsyn. Etter denne føresegna kan pasienten og brukaren bli nekta innsyn i opplysningar i journalen dersom dette er «påtrengende nødvendig for å hindre fare for liv eller alvorlig helseskade for pasienten eller brukeren selv», eller dersom «innsyn er klart utilrådelig av hensyn til personer som står vedkommende nær».

Vilkåra for å gjere unntak frå retten til innsyn i eigen journal er altså strenge. Dette framkjem også av forarbeida kor det blir understreka at retten til journalinnsyn er ein svært sentral pasientrett og at pasienten sin rett til innsyn i eigen journal berre bør vere avgrensa i liten grad, jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 7.6.1.

Det fyrste grunnlaget for å nekte journalinnsyn er at dette er «påtrengende nødvendig for å hindre fare for liv eller alvorlig helseskade for pasienten eller brukeren selv». Det følgjer av forarbeida at det er nødrettsbetraktningar som må leggjast til grunn for denne vurderinga. Forarbeida nemner eit døme på ein situasjon kor det kan vere grunnlag for å nekte journalinnsyn etter denne føresegna, nemleg at ein pasient har blitt diagnostisert med ein svært alvorleg somatisk sjukdom samtidig som pasienten er inne i ein psykisk ustabil periode. Dersom pasienten får vite om den alvorlege diagnosen gjennom innsynsretten på eit slikt tidspunkt, kan dette medføre fare for pasienten sitt liv eller fare for alvorleg helseskade hos pasienten, jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 7.6.1. Dette viser at det skal svært mykje til for å nekte innsyn etter dette alternativet.

Det andre grunnlaget for å gjere unntak frå retten til journalinnsyn er i tilfelle kor «innsyn er klart utilrådelig av hensyn til personer som står vedkommende nær».

Her er det omsynet til dei pårørande som grunngir unntaket frå retten til journalinnsyn. Dette vilkåret er ikkje avgrensa til nødrettssituasjonar, men ordlyden i «klart utilrådelig» viser at det blir stilt strenge krav også etter denne føresegna.

Det følgjer av forarbeida at det faktum at det vil vere ubehageleg for dei pårørande at opplysningane blir gjort kjende for pasienten, ikkje er tilstrekkeleg til å nekte pasienten innsyn. Det må vere ein reell fare for konsekvensar av eit visst omfang for pasienten sine nærståande. Dersom det dreiar seg om opplysningar som berre kan stamme frå pårørande og som kan gi grunn til frykt for represaliar frå pasienten overfor dei som har gitt opplysningane, kan det vere grunnlag for å nekte pasienten innsyn i journalopplysningane. Det same må gjelde dersom det er fare for vedvarande trakassering eller terrorisering av den eller dei nærståande som har gitt opplysningane, jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 7.6.1.

Barn over 16 år har etter prl.§ 4-3 rett til å samtykkje til helsehjelp og må da også ha ein sjølvstendig rett til å krevje å få utlevert journalopplysningar. For barn under 16 år må ein vurdere konkret om ein skal gi innsyn ut frå barnet sin alder og modnad. Journalinnsynet må som utgangspunkt vere i samarbeid med dei føresette når barnet er under 16 år, og barnet må bli forklart kva som står i journalen på ein måte som er tilpassa barnet sin alder og utvikling. Barn har uansett alder krav på informasjon om sin helsetilstand og innhaldet i helsehjelpa, jfr. prl. § 3-4 (1).

### 3. Kan foreldre krevje ut samtalar som barne- og familierettleiarane har hatt med barnet?

Lov om pasient- og brukarrettar § 5-1 (4) slår fast at «[r]eglene i § 3-3 og § 3-4 om andres rett til informasjon gjelder tilsvarende for innsyn i journal».

Lov om pasient- og brukarrettar § 3-4 regulerer foreldra sin rett til informasjon om deira mindreårige barn sin helsetilstand og den helsehjelp som blir ytt.

Det følgjer av prl. § 3-4 (1) at dersom «pasienten er under 16 år, skal både pasienten og foreldrene eller andre med foreldreansvaret informeres».

Dette medfører at foreldra til barn under 16 år som utgangspunkt har rett til innsyn i barnet sin journal. Denne retten er likevel ikkje uavgrensa.

Lov om pasient- og brukarrettar § 3-4 (2) slår fast at dersom «pasienten er mellom 12 og 16 år, skal opplysningar ikkje gis til foreldrene eller andre med foreldreansvaret når pasienten av grunner som bør respekteres, ikkje ønsker dette». Foreldre til barn mellom 12 og 16 år har altså ikkje rett til innsyn i barnet sin journal dersom barnet av grunnar som må respekterast ikkje ynskjer at foreldra skal få tilgang til journalen.

Det kan vere fleire årsaker til at foreldra ikkje bør få innsyn i journalen til barnet, både reint personlege (f. eks. mishandlingsaker) og ulike overtidsgrunnar. Dette er eit unnatak frå hovudregelen om at foreldra har full samtykkjekompetanse på vegner av barn under 16 år.

Ved meir alvorlege psykiske lidningar, særleg dersom det er fare for sjølvskading eller redusert utvikling, omgang med ulovlege rusmiddel eller større fysiske skadar pga. kriminelle handlingar kan helsepersonell likevel ikkje unnlata å informere foreldra eller andre med foreldreansvaret, jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) s. 31.

Vidare følgjer det av prl. § 3-4 (3) at «informasjon som er nødvendig for å oppfylle foreldreansvaret, skal likevel gis foreldre eller andre med foreldreansvaret når pasienten er under 18 år».

Dette er eit unntak frå hovudregelen om at helsepersonell har teieplikt overfor pårørande til pasientar over 16 år. Regelen er tatt inn for å unngå motstrid mellom hovudregelen om teieplikt for helsepersonellet når pasienten er over 16 år og omsorgs- og foreldreansvaret til foreldra etter barnelova. Det er viktig å sikre at foreldra eller andre med foreldreansvaret får informasjon som er nødvendig for å oppfylle foreldreansvaret, jfr. Ot.prp. nr. 12 (1998-1999) punkt 5.2.6.7. Føresegna inneber til dømes at foreldre må få opplysningar om kor barnet oppheld seg, om eventuell sjølvmoordsfare og om innlegging på sjukehus pga. livstruande tilstandar, alvorleg matvegtring o.l. Informasjonsplikta inneber likevel ikkje ei full utgreiing av den generelle helsetilstanden, kva undersøkingar som er utført mv. Dette krev samtykke frå ungdomen, jfr. Aslak Syse sine kommentarar til føresegna på rettsdata.no.

#### 4. Kan foreldre be om å få sletta opplysningar frå journalen, og eventuelt kva?

Det følgjer av prl. § 5-2 at «pasienten, brukeren eller den som opplysningene gjelder, kan kreve at opplysningene i journalen rettes eller slettes etter reglene i helsepersonelloven § 42 til § 44».

Etter helsepersonellova § 43 kan opplysningane i journal slettast dersom dette ikkje er tvilsamt ut frå allmenne omsyn og «opplysningene er feilaktige eller misvisende og føles belastende for den de gjelder» eller «opplysningene åpenbart ikkje er nødvendige for å gi pasienten helsehjelp».

Foreldre til barn under 16 år må ha rett til å krevje sletting av opplysningar i barnet sin journal. Lov om pasient- og brukarrettar er bygd opp etter eit system om at foreldre skal representere barn under 16 år. Etter prl.§§ 3-4 og 5-2 har foreldre til barn under 16 år rett til høvesvis informasjon og innsyn i barnet sin journal, og etter prl.§§ 7-2 og 7-4 har foreldre også rett til å klage på vegner av barnet.

Foreldre til barn under 16 år må da også kunne krevje at opplysningar i barnet sin journal blir sletta under føresetnad av at vilkåra i helsepersonellova § 43 er oppfylte.

Lov om pasient- og brukarrettar § 5-2 gir også «de som opplysningene gjelder» ein sjølvstendig rett til å krevje at desse opplysningane blir retta eller sletta frå pasienten sin journal etter reglane i helsepersonellova §§ 42-44. Dette inneber at foreldre kan krevje at opplysningar som gjeld dei sjølv skal slettast frå barnet sin journal under føresetnad av at vilkåra i helsepersonellova § 43 er oppfylte. Det vil seie at dersom opplysningane som gjeld foreldra er feilaktige eller misvisande og kjennast belastande for foreldra, eller opplysningane om foreldra openbert ikkje er nødvendige for å gi barnet helsehjelp, kan foreldra krevje at desse opplysningane blir sletta frå barnet sin journal.

#### 5. Kan ein foreldre få ut journal på den andre forelderen?

Etter Lov om pasient- og brukarrettar er det berre pasienten sjølv som har rett til innsyn i sin eigen journal. Dei nærmaste pårørande kan berre få innsyn i ein myndig pasient sin journal dersom pasienten sjølv samtykkjer til dette, eller dersom pasienten på grunn av fysiske eller psykiske forstyrringar, demens eller psykisk utviklingshemming openbert ikkje er i stand til å vareta sine egne interesser, jfr. prl.§ 5-1 (4), jfr. prl.§ 3-3. Ein forelder kan dermed ikkje få ut journal på den andre forelderen med mindre det blir gitt samtykkje frå den journalen gjeld.

#### 6. Kan foreldre få innsyn i opplysningar om den andre forelderen som er nedteikna i barnet sin journal?

Foreldre til barn under 16 år har som hovudregel rett til innsyn i barnet sin journal. I tilfelle kor det er nedteikna opplysningar om den andre forelderen i barnet sin journal må likevel denne innsynsretten vurderast mot den andre forelderen sin rett til vern mot at opplysningar om personlege forhold blir spreidde vidare. Omsynet til den forelderen som opplysningane gjeld talar klart for at den andre forelderen ikkje skal kunne få innsyn i desse opplysningane.

Lov om pasient- og brukarrettar og reglane om innsynsrett byggjer på det prinsipp at det skal først ein journal på kvar enskild pasient. Det skal derfor som utgangspunkt ikkje vere nedteikna opplysningar om andre enn pasienten sjølv i journalen. Dette talar for at ein forelder ikkje bør få innsyn i opplysningar om den andre forelderen som er nedteikna i barnet sin journal. Helsepersonell har etter helsepersonellova § 21 og teieplikt om folk sine personlege forhold, noko som og tilseier at ein ikkje kan gi ein forelder innsyn i opplysningar i barnet sin journal som gjeld den andre forelderen.

Vidare følgjer det av lov om familievernkontor § 12 fyrste ledd fyrste punktum at einkvar har rett til innsyn i klientjournal for «de opplysninger som direkte bare gjelder ham eller henne». Etter andre punktum i føresegna er «innsyn utover dette [...] avhengig av samtykke fra den eller de opplysningene direkte gjelder». Denne føresegna er gitt på bakgrunn av at hovudtyngda av familievernet sine journalar omfattar fleire personar, jfr. Ot.prp. nr. 6 (1996-1997) s. 39. Den same regelen bør gjelde i tilfelle kor ein forelder ønskjer innsyn i barnet sin journal, og det er ført inn opplysningar om den andre forelderen i journalen. Det vil også her vere eit behov for å verne den forelderen som opplysningane gjeld mot at den andre forelderen får innsyn i desse opplysningane.

Etter dette kan ein forelder ikkje få innsyn i opplysningar om den andre forelderen som er nedteikna i barnet sin journal med mindre den forelderen som opplysningane gjeld har samtykka.

Dei deler av barnet sin journal som ikkje inneheld opplysningar om den andre forelderen kan ein gi ut til den forelderen som ynskjer innsyn. Dette kan gjerast ved at opplysningane som gjeld den

andre forelderen blir sladda. Det er barne- og familierettleiartenesta som avgjer kva journalopplysningar foreldra skal få innsyn i. Avgjerda kan klagast til Fylkesmannen, jfr. prl.§ 7-2.

7. Kan ansvaret for sletting/utlevering og avslutning av journal delegerast frå einingsleiar til avdelingsleiar?

Det følgjer av helsepersonellova § 39 (2) at i helseinstitusjonar skal det «utpekes en person som skal ha det overordnede ansvaret for den enkelte journal».

Helseinstitusjonen vel altså sjølv kven dei vil utpeika som journalansvarleg.

Vi håper at dette var klargjerande.

Med helsing

—  
Pål Iden  
fylkeslege/avdelingsdirektør

Kariann Olsen Salte  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Kariann Olsen Salte  
Saksbehandlar telefon: 51568712  
E-post: fmrokos@fylkesmannen.no